



## Saksframlegg

### Revisjon av teljande areal for forvaltning av hjortevilt

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		24.03.2026

#### Endeleg vedtaksrett i saka har: Utval for plan og miljø

#### Dokument i saka:

Forskrift om forvaltning av hjortevilt - Lovdata

#### Vedlegg

- 1 Forskrift om forvaltning av hjortevilt - Lovdata

#### Bakgrunn for saka:

Fyresdal fekk seist gong i 1999 utarbeida nytt arealgrunnlag for teljande areal for forvaltning av hjortevilt. Arealgrunnlaget vart utarbeida i Arc-Gis, eit eldre dataprogram, der datafilene ikkje lengre er mogleg å hente ut. Arealgrunnlaget er gammalt, det er mangelfullt, og i mange høve er det ikkje mogleg å verifisere tal den enkelte eigedom, jaktlag eller storvald er oppgjeve med. Dette skapar utfordringar om ein eigedom skil lag med eit jaktlag, eller om eit jaktlag ynskjer oppdatera arealgrunnlag for ei rettferdig fordeling av ressursane i laget. Arealgrunnlaget tilfredstillar heller ikkje dagens forskrift i høve kva areal som reknast med som teljande areal. Det finnast i dag gode kart og arealtal utarbeida av Nibio, som gir eit rettferdig bilete for alle eigedomar, uansett storleik. Det er difor på høg tid å gjere ein revisjon av teljande areal for forvaltning av hjortevilt, slik at grunnlaget for forvaltning vert så presist som mogleg.

#### Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte.*

Forskrift om forvaltning av hjortevilt omtaler kva typar areal som skal utgjere teljande areal for elg, hjort og rådyr. Teljande areal er definert som «det arealet som skal leggjast til grunn for kvart dyr det gis fellingsløyve på». Det vil seie det arealet som utgjer grunnlaget for tildeling av fellingskvote til den enkelte eigedom eller jaktlag, for elg, hjort og rådyr. I forskrifta ligg det tydelege føringar for kva areal som skal teljast med;

*«For elg, hjort og rådyr skal kommunen som hovedregel regne **skogareal og myr under skoggrensa** som tellende areal. Med skogareal menes både produktiv og uproduktiv skog, og både lauvskog og barskog. Kommunen kan godkjenne andre arealtyper som tellende areal der disse er av stor betydning for vedkommende art. Områder som er **omdisponert** slik at arealet ikke lenger benyttes av vedkommende viltart skal trekkes ut av tellende areal.»*

Som hovudregel skal altså skogareal og myr under skoggrensa reknast med som teljande areal. Skoggrensa må ikkje blandast med tregrensa; I overgangen mellom skog og fjell finn ein både ei tregrense og ei skoggrense. Tregrensa definerast ofte ut frå ei line mellom der dei aller øvste trea i eit område veks, medan skoggrensa går der fleire trær veks saman og dannar samanhengande skog.

Det vil alltid vere ei vurdering kvar skoggrensa går i det enkelte geografiske området, og grensa vil variere frå sør til nord i kommunen. Gjeldande arealtal er basera på skjønsmessig vurdering av kvar skoggrensa gjekk den gong, noko som i mange tilfelle blei noko grovt og upresist, i tillegg til at det fort blei diskusjonar mellom grunneigarar, jaktlag og kommunen kvar grensa skulle gå, og med det kva som skulle vere teljande areal. Areal over skoggrensa vart trekt ut, tilsvarande gjorde ein med vatn over 200 daa, og snaufjell i dagen. På denne måten fekk ein eit arealgrunnlag basert på mykje manuelt arbeid, der tilfeldigheitane kunne spele inn på kor mykje teljande areal den enkelte eigedom fekk med seg inn i laget. I tillegg oppstod det diskusjonar om kvar elgen oppheldt seg, og kva areal som eigentleg produsera mat for hjorteviltet. Alt putta inn i eit EDB-program frå 1990 talet...

I dag har vi gode verktøy for å talfeste slike areal med høg nøyaktigheit. Dette gjerast digitalt, og grunnlaget er datafangst utarbeida av NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi). Datafangsten gjerast ut i frå bonitetsklasser basera på flybilete, satellittbilete, Nibios landsskogtaksering m.m., og på denne måten får ein ut eit komplett datasett med stor nøyaktigheit. Slike datasett nyttast i stor grad som grunnlagskart i oversiktsplanlegging, konsekvensutgreiingar og utmarksforvaltning, og som referanseramme/underlag ved produksjon av ulike temakart.

Datasettet ein no ynskjer å nytte som grunnlag er Nibio sitt datasett AR50(10) (innsynsløysing utan innlogging). Dette delt inn i fyljande klasser:

- *Fulldyrka og overflatedyrka jord*
- *Innmarksbeite*
- *Skog*: Arealtype skog, uavhengig av bonitet.
- *Myr*: Arealtype myr, uavhengig av bonitet og tresetting.
- *Snaumark, frisk vegetasjon*: samanhengande vegetasjonsdekke med høg dekningsgrad av friskt grønt plantemateriale som blåbærlyng, dvergbjørk, vier, gras, urter eller bregne.
- *Snaumark, middels og skrinn*: *begrensa vegetasjonsdekke*
- *Bart fjell og blokkmark*
- *Ferskvatn*
- *Bebyggd, samferdsel, hav og bre*
- *Ikkje kartlagt*

Arealklasser som vil inngå i nye berekningar er dei arealklassene som produserer mat til hjorteviltet, og som ikkje er regulera til andre føremål:

- *Skog*: Arealtype skog, uavhengig av bonitet.
- *Myr*: Arealtype myr, uavhengig av bonitet og tresetting.
- *Snaumark, frisk vegetasjon*: samanhengande vegetasjonsdekke med høg dekningsgrad av friskt grønt plantemateriale som blåbærlyng, dvergbjørk, vier, gras, urter eller bregne.

Jamfør forskrifta skal ein som hovudregel rekne skogareal og myr under skoggrensa som teljande areal, dvs dei to fyrstnemnde klassene. Av di Fyresdal har mykje høgareliggjande areal, med godt vegetasjonsdekke, stadvis av næringsrikt plantemateriale, vel ein å nytte opninga i forskrifta til å godkjenne arealklassa «snaumark, frisk vegetasjon». Dette utgjør eit vesentleg areal i Fyresdal, og er av stor betydning for dei aktuelle artane.

Arealklassene ein vel å ikkje nytte er:

- Fulldyrka og overflatedyrka jord; arealklassa tilfredsstillar ikkje forskrifta, mange stader er ikkje arealklassa tilgjengeleg (gjerder/arealet ligg tett på gardstun etc, som gjer at dyra ikkje nyttar dette), samt at det er så små areal, at det ikkje utgjer noko for teljande areal.
- Innmarksbeite; arealklassa tilfredsstillar ikkje forskrifta, elles same grunngeving som for fulldyrka areal.
- Snaumark, middels og skrinn; her er svært begrensa vegetasjonsdekke, og beitetilgangen er minimal.
- Bart fjell og blokkmark; arealklassa tilfredsstillar ikkje forskrifta og er utan fôrproduksjon.
- Bebygd, samferdsel, hav og bre; arealklassa tilfredsstillar ikkje forskrifta.

Nytt arealgrunnlag for teljande areal vil gje variasjonar få tidlegare grunnlag, både på eigedom-, jaktlag-, og valdnivå. Nokre vil få ein reduksjon i teljande areal, og med det ei mindre kvote for sin eigedom, medan andre kan få auke i arealet. Alle endringar er som eit resultat av meir nøyaktig vegetasjonskartlegging, og med det eit meir sannferdig grunnlag om kvar hjorteviltet finn mat. Det er då viktig å vite at kvota i eit vald vert tildela ut i frå kor mange dyr valdet meiner det er forsvarleg å ta ut, meir underordna er det kor stort areal valdet har. Eit vald vil framleis kunna ha like mange dyr på kvota som før, men arealgrunnlaget pr dyr i uttaket vil kunne gå ned, og det vil kunne bli interne justeringar internt i laget.

Nedanfor er det eksemplifisert nokre tilfelle:

	Teljande areal, <b>gamalt</b>	Teljande areal, <b>nytt</b>	Differanse
Eksempel eigedom	9 875	9 482	-392
	12 145	11 676	-468
	18 500	13 489	-5 011
	6 730	6 605	-125
	16 400	16 983	+583
Eksempel jaktlag	12 500	10 001	-2 499
	20 281	17 957	-2 324
	15 843	14 496	-1 347
Fyresdal kommune totalt	1 074 834 (usikker)	947 252	-127 582

Av totalt teljande areal for kommunen under eitt, utgjer arealklassene dette arealet;

- Skog; 882 239 daa (93,1%)
- Myr; 40 520 daa myr (4,3%)
- Snaumark, frodig vegetasjon; 24 432 daa (2,6%)

Med dagens arealgrunnlag har ein i mange tilfelle tatt med areal som ikkje tilfredsstillar forskrifta, og som ikkje produserer fôr til hjorteviltet. Bart fjell, fjell med minimalt vegetasjonsdekke, mindre vatn og vassdrag etc. produserer ikkje fôr til hjorteviltet, og skal då ikkje vere med som teljande areal. Som ein ser gir dette store utslag hjå nokon, og mindre hjå andre. Samstundes er det eigedomar som har mindre areal enn dei burde hatt, av di oppmålinga har vore unøyaktig. Som det kjem fram av tabellen, er det totalt sett 127 582 daa som utgår som teljande areal. Dette er i all hovudsak bart fjell, mindre vatn, vegar og ana som ikkje produserer fôr til hjorteviltet.

Det er tre ting ein må ha med seg når ein ser dette:

- 1 – kva forskrifta sei ein har lov å rekne som teljande areal. Det er ikkje noko argument at det har vore slik i alle år, vi må forhalda oss til forskrifta.
- 2 – tildeling internt i det enkelte jaktlag og vald må vere rettferdig ut i frå kva areal som faktisk er ein ressurs for hjorteviltet. Med andre ord kan det bli aktuelt med interne endringar i laget/valdet.
- 3 – i mange tilfelle ser ein hjortevilt i områder som ikkje er med i teljande areal, ein jaktar der, og ein feller hjortevilt der. Dette er heller ikkje noko argument, det er forproduserande areal som skal leggjast til grunn.

Om ein vedtek å ta i bruk nytt arealgrunnlag basera på Nibio AR50(10), vil kvart enkelt jaktlag få ein oversikt frå Fyresdal kommune, med gjeldande arealtal for sin eigedom, sitt jaktlag og sitt storvald. Transparent og ryddig, og lett å forhalda seg til for alle.

### **Konklusjon:**

Ved å bruke Nibio AR50/10 (innsynsløysing utan innlogging) som grunnlag, med dei tre gitte arealklassene «skog», «myr» og «snaumark, frisk vegetasjon», kan grunneigarar, jaktlag og storvald sjølve inn å sjå kva som er areal i deira lag, ein kan gjere praktiske makeskifte, ein kan lett handtere lag som ynskjer å trekke seg ut av vald etc., alt utan å spørje kommunen om bistand. Vidare vil ein på denne måten oppnå likebehandling og ei rettferdig tildeling, med datafangst i ein nasjonal base. Slik unngår ein lokal synsing, vurdering og diskusjonar, som aldri blir heilt rektig. Ein vil på denne måten også tilfredsstillte gjeldande forskrift på ein betre måte. Samtlege storvald skal no utarbeide ny 5-årig plan for forvaltning, då vil det vere optimalt å ha eit oppdatert arealregister på eigedomsnivå som eit grunnlag for hjorteviltforvaltninga framover.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune tek i bruk Nibio AR50(10) med arealklassene «skog», «myr» og «snaumark, frisk vegetasjon» som grunnlag for teljande areal i hjorteviltforvaltninga i kommunen. Dei nye arealtala gjerast gjeldande frå og med 2026, og innarbeidast i nye bestandsplanar.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef